

## Upprit frå årsmøte i Høgnorskringen

Tid: Onsdag 23. februar 2022 kl. 20.00-21.30.

Stad: Vevmøte.

Til stades: Ole Kristian Grønneng, Ole Jakob Totland, Håkon Remøy, Jon Fosse, Anders Olsen Søyseth, Frode Myrheim, Joakim Rønningen, Peder Nicolai Lea Reime, Sergej Alexander Munkvold og Håvard Tangen.

Årsmøtet byrja med at Ole Jakob fortalde um skalden Ragnvald Vaage frå Sunnhordland og las tri dikt av honom, «Jordson», «Dei nøytrale» og «Målet mitt». *Dikt i samling* av Ragnvald Vaage kom ut på Norsk Bokreidingslag i fjor.

*Sak 1: Godkjenning av innkalling og saklista.*

Innkallingi og saklista vart samrøystes godkjende.

*Sak 2: Val av ordstyrar, møteskrivar og tvo til å skriva under på møteboki.*

Det var framlegg um Ole Kristian til ordstyrar, Håvard til møteskrivar og Anders og Håkon til underskrivarar. Dei vart samrøystes valde.

*Sak 3: Årsmeldingi.*

Ole Kristian viste til den utsende årsmeldingi. Det hadde vore eit framgangsrikt år med eit par studiemøte vetersbil, Norsk Årbok 2021 i april og Norsk målstemna i september med norskt bibelmål til emne. Årsmeldingi frå styret vart teki til vitende.

*Sak 4: Rekneskapen med melding frå ettersynsmannen.*

Rekneskapen for 2021 var diverre ikkje ferdug. Årsmøtet lagde på styret å gjera honom ferdug og vonleg leggja honom fram i samband med studiemøtet 4. mai. I alle høve vert han sak på årsmøtet neste år.

*Sak 5: Årspengar og pengestoda for 2022.*

Det kom framlegg um huslydmedværskap på 300 kr for ein samla huslyd. Etter eit ordskifte vart dette vedteke. Det vart ikkje brigde i dei hine årspengane, so det er enno 150 kr for studentar og skuleungdom og 200 kr for kvar i lagsflokken elles. Dei som hev huslydmedværskap, fær berre éi Norsk Årbok og eit næme av anna tilfang ringen lagar og spreider.

Høgnorskringen hev fenge rauste gåvor frå Bergfinn Aabø (40 000 kr) og testamentariske gåvor etter Johannes Gjerdåker (millom 50 000 og 60 000 kr), so pengestoda er trygg og god.

*Sak 6: Åtgjerder i 2022.*

Dei neste åtgjerdene i ringen er studiemøte, fyrst 9. mars og so 4. mai. 9.3. innleider Sergej um ordavleidingar for det som på norsk-dansk vert ordlagt med *død-/døds-*. 4.5. kjem Gunvald Axner Ims og talar um umsetjing frå tyrkisk til norsk. Me vonar å kunna strøyma desse møti ut på heimsveven. Sjølve møti vert haldne på Deichmanske bibliotek i Bjørviki, Oslo. 10.-11.9. er det Norsk målstemna med møte fyrste dagen. Programmet er alt fyrebutt: Eva Almhjell talar um Olav Sletto – mannen og verket, Kristin Fridtun um emne frå den seinste boki si (*Kunsten å irritera seg over skrivefeil*), og både Ronny Spaans og Klaus Johan Myrvoll legg fram emne knytte til Henrik Rytter, den fyrste umsetjaren og dikteren, hin um høgnorskringen som måta seg til. Sundagen vert truleg utferd til garden Ljøgot i Ullensaker med umvising på Raknehaugen ved Mads Ljøgotd. Sergej og Mari Svenbalrud hev tala um

ei høgnorsk sumarstemna. Sergej såg fyre seg ei langhelg på øyi Bergholmane som ligg attmed Håøyi i Oslofjorden, anten i juni eller august. Styret fekk i oppdrag å sjå nærare på dette. Styret kjem òg til å gjera ferdeg Norsk Årbok og senda ut bøkene i mars og april, som planen er.

*Sak 7: Val.*

Frode frå valnemnda lagde fram tilrådingi, og valet fylgde med:

Formann: Ole Kristian Grønneng (attval, 1 år)

Næstformann og kassastyrar: Thorgeir Holm (attval, 1 år)

Styresmenner: Ole Jakob Totland, Anders Olsen Søyseth og Joakim Rønningen (attval, 1 år)

Varamenner: Leif Halvard Silli, Håvard Tangen, Håvard Moe, Håkon Remøy (attval, 1 år)

Ny varamann etter framlegg frå Ole Kristian: Peder Nicolai Lea Reime (ny, 1 år)

Alle vart samrøystes valde.

Ettersynsmann: Dag Hagen Berg (attval, 1 år). Dag vart samrøystes vald.

Valnemnd: Frode Myrheim og Sergej Alexander Munkvold (attval, 1 år). Dei vart samrøystes valde.

*Sak 8: Fråsegner.*

Det låg ikkje fyre nokon fråsegner, men Håkon oppmoda styret til å senda inn fråsegn til ei høyring frå Språkrådet som galdt termar i offentleg sektor. Fresten er 1.7.

Oslo, 25. februar 2022.

  
Håvard Tangen

møteskrivar

  
Anders Olsen Søyseth

  
Håkon Remøy